

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 89

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sunndal

Emne: Folkemedisin.

Bygdelag. Øksendal

Oppskr. av: A.E.Skrondal

Gard: Skrondal

(adresse): Øksendal

G.nr. 71 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Av eiga røynsle og det som hør vorte fortalt.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

**SVAR**  
**HUSRÅD-KJERRINGRÅD.**

1. At synet på den tingen å vera hardfør og sterkhelsa har skift, er vel truleg.
  2. Folk visste vel om smitte og farangar. Eg la t.d. merke til at bestemor (1833-1917) brukte å legg eine på omnen så det vart einerøyk i stova, og sumtid brenna litt tjøre så det vart tjørerøyk i stova, alt for å verna mot smitte.
  3. Folk hadde no ymse lækjeråder gjøymt. Bestemor hadde no altid litt kamferbrennevin hjå seg. Sume hadde gjeita-klauvte-blådreinskande midel) næreitlagras for "Nåreitle" eller helveteseld.
  4. Etter mitt skyn, så hadde storleiken på gaarden ikkje no ko å seia for "lager av lækjeråder".
  5. Eg trur nok at det kunne gå for seg å få låne medisin t.d. hjå granne. Men at dei fekk låne hjå presten eller jordmora er ukjendt for meg.
  6. Eg har svara på desse emne før.
  15. Har nok svara på dette sp.m.før. En eg kan nemna, at som midel mot sprukne hender brukte dei å brenna bek ned i sprikkone. Det sveid følt, veit du. Vicare såg eg som smågut, at dei pissa på såret om dei t.d. skar seg med kniv eller hogde seg. Graut på svull har eg nemt før.
- A. LÆKJARANE.**
16. til og med 28. Her veit eg ikkje av nokon som har drive som bygdelækjarar utanom dei eg før har skrive om, det var Kristi Mosbøneset og far hennar Tron. Eg

har ingenting å legg attåt det eg før har fortalt.

2

B. LÆKJARRÅD OG LÆKJEKURAR.

29 til 48. Heller ikkje her har eg noko å legg til det eg før har fortalt. I det heile kjenner eg ikkje til nokon som dreiv og samla lækjeurter og gav folk råd og hjelp i sjukdomshøve enn dei fornemde. Såvidt eg hugsar har eg før fortalt om iglar- årelating og kopping.

C. LÆKJEBØKER.

49 til 53. Lækjebøker frå gamal tid kjenner eg ikkje til. Det erførst i seinare dagar at folk har kjøpt Olvik: "Naturlægemetoden", og andre lækarskrifter.